

# MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Måløy vidaregåande skule</b>
<b>Møtedato</b>	<b>06.09.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:00 – 15:00</b>

**Faste medlemer til stades:** Klaus Iversen, Lise-May Sæle, Karoline Bjerkeset

**Forfall til møtet:** Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet

**Varamedlemer til stades:** Frode Bøthun

**Til stades med møte- og talerett:** Deloitte AS: Kari Gåsemyr og Line M. Johansen

**Sekretariat for møtet:** Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte.

Kontrollutvalet valde Klaus Iversen som møteleiar.

Kontrollutvalet møtte ordførar og kontrollutvalsleiar i Vågsøy kommune 5. september. Utvalet hadde 6. september møte med rektor på Måløy vidaregåande skule, Åsta Navelsaker Røed, og fekk omvising på SIM (Sikkerheitssenteret i Måløy).

**SAK 36/18 Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget vedtek rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 – 2020 slik den ligg føre.

-----

**SAK 37/18 Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv - revidert prosjektplan**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet godkjenner revidert prosjektplan slik den ligg føre

-----

**SAK 38/18 Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane - oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Tilbakemeldingane frå fylkesrådmannen og Musea i Sogn og Fjordane vert tekne til vitande.
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av punkt 3 og 4 til å vere i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 3/18.
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om tydlegare tilbakemelding på punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtaket.

-----

**SAK 39/18 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 6. seotember 2018**

**Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:**

1. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte
  - a) FR Utdanning og yrkesrådgjeving (17/7179)

På grunn av intern kvalitetssikring vart dette prosjektet forseinka. Rapporten er no så godt som klar, og vert sendt fylkesrådmannen denne eller neste veke. Rapporten vert ferdig og klar for oversending til kontrollutvalet seinast 6. november.
  - b) Desisjon av møtebøkene 2017 (18/1476)

Rapport er til høyring, og vert ferdig seinst 12. september.

*Orienteringa frå Deloitte på desse to sakene vart teken til vitande.*
2. Møteplan for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 2019

*Møteplanen vart teken til orientering.*
3. Vedtak i fellesnemnda 18.06.18 – val av sekretariatsordning

*Vedtaket vart teke til orientering.*
4. Vedtak i fellesnemnda 18.06.18 – val av revisjonsordning

*Vedtaket vart teke til orientering.*
5. Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020 – Hordaland fylkeskommune

*Planen vart teken til orientering.*
6. Orientering frå leiar i kontrollutvalet

Klaus Iversen tok opp spørsmålet om rekneskap for riksveg/fylkesveg for investering og vedlikehald i møtet. Iversen refererte til innlegg i fylkestinget i sak 18/2018.

**Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:**

- i. Kontrollutvalet ber kontrollsjefen om å kalle inn fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å gjere greie for korleis rekneskapen for fylkesvegar vert kvalitetssikra.
7. Orientering frå sekretariatet
    - a) Folkevaldopplæring 2019

Sekretariatet orienterte om arbeidet med programmet til den planlagde fellessamlinga med dei andre fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet 8. – 10. januar 2019. Kontrollutvalsmedlemmane vil, til neste møte, vurdere kva tema som skal presenterast på samlinga frå vårt utval.
    - b) Rapport 2. tertial – kontrollutvalet

Kontrollsjef presenterte forslag til tertialrapport for 2. tertial for kontrollutvalet.

**Utvalet gjorde følgjande vedtak:**

      - i. Det er ikkje grunnlag for budsjettendring av kontrollutvalet sitt budsjett på bakgrunn av framlagd 2. tertialrapport.
    - c) Fellesmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 25. september

Det vert ikkje mogeleg å få til fellesmøte 25. september, då denne datoen ikkje passer for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

-----

**SAK 40/18 Selskapskontroll 2018 - bestilling**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll 2018 – Eigarskapskontroll Sogn og Fjordane teater LL - i samsvar med vedlagde bestillingsdokument med eventuelle endringer som kjem fram i møtet.
  2. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS
- 

**SAK 41/18 Kontrollutvalet - Budsjett 2019/økonomiplan 2019 - 2022**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

1. Kontrollutvalet gjer framlegg om budsjett for 2019/økonomiplan 2019 – 2022 for 410 Kontrollutval

<b>Ansvar/ Funksjon</b>	<b>410 Kontrollutval</b>	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Revidert budsjett 2018</b>	<b>Netto - budsjett 2019</b>	<b>Netto - budsjett 2020</b>	<b>Netto - budsjett 2021</b>	<b>Netto - budsjett 2022</b>
110/41001	Kontrollutvalet	615 143	852 000	852 000	852 000	852 000	852 000
110/41002	Sekretariatet	1 149 149	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000	1 198 000
110/41003	Tenestekjøp	2 565 763	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000	2 780 000
<b>SUM – 410 Kontrollutval</b>		<b>4 421 055</b>	<b>4 830 000</b>	<b>4 830 000</b>	<b>4 830 000</b>	<b>4 830 000</b>	<b>4 830 000</b>

Budsjett og økonomiplan vert å sende til fylkesutvalet/finansutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

-----

**SAK 42/18 Oppfølgingsliste 5 - 2018**

**Dette gir følgende VEDTAK:**

Oppfølgingsliste 5 – 2018 vert teken til orientering.

